



Fløysand VA AS
Fløksand
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/3343 - 14/11916

Saksbehandlar:
Reidun Iden Lædre
reidun.i.ladre@meland.kommune.no

Dato:
11.08.2014

Godkjenning - tilknytning til kommunalt vassverk, gnr. 45, bnr. 74 på Vikebø.

Administrativt vedtak. Saknr: 222/2014

Saksutgreiing:

Det er i søknad, motteke 05.08.2014, søkt om tilknytning til kommunalt vassverk for ein fritidsbustad på eigedomen gnr. 45, bnr. 74 på Vikebø.

Tilknytning skal skje via felles privat stikkledning, som går frå kum ved Skintveitvegen. Denne ledningen vart godkjent etablert 12.12.2013 i sak DNT.462/13. Frå felles kum på den private stikkledningen skal eigedomen leggja eigen ledning fram til fritidsbustaden, slik innsendt situasjonskart motteke 05.08.2014 viser.

Det vart lagt fram erklæring med løyve frå berørte grunneigarar om rett til å leggja ledning over privat grunn i samband med utsleppssaka.

Det ligg føre solidarisk avtale mellom eigarane av den felles private vassledningen når det gjeld drift og vedlikehald av denne.

Eigedomen har godkjent avlaupsløysing med felles minireinseanlegg, godkjent 07.03.2014 i sak DNT.32/2014.

Vurdering:

Tiltaket er søknadspliktig etter plan- og bygningslova.

